

Referat frå FAU-møte tirsdag 26.9.23

Til stades: Marita Kvam 1.tr gr.2, Anne Gabriela Hufthammer 2.tr, Johnny Thorkildsen 3.tr gr.1, Kristine Andersen Midlang 3.tr gr.2, Marita Boge 4.tr gr.1, Ingrid Bakke Johannesen 4.tr gr.2, Silje Drange Hesvik 5.tr gr.2, Sylwia Katarzyna Chimicz sfo, Lena M. Fjeldstad, rektor.

Meldt forfall: Bjarte Refvik 7.tr gr.1 og Nina Nordvik 5.tr gr.

Sak 1: Innkalling og sakliste

Til evt.: Sak om lus som har pågått over lengre tid.

Sak 2: Konstituering av FAU

Før konstituering informerte rektor mellom anna om kva FAU er, kva FAU kan jobbe med, medverknad og samarbeid. Juleavslutning og 17.mai er to arrangement som FAU / klassekontaktar har ansvar for, i samarbeid med skulen. Vedtektene vart sendt ut på førehand.

Det vart og informert om Skulemiljøutvalet (SMU). Det består av elevrådsleiar, to foreldrerepresentantar og ein politisk representant i tillegg til representantar for dei tilsette. I år er det to lærarar (Cathrine Aase Førde og Jannicke Høyland), og rektor er skrivar i utvalet og den som kallar inn til møte.

Leiar:	Kristine Andersen Midlang
Nestleiar:	Marita Kvam
Kasserar:	Johnny Thorkildsen
Skrivar:	Ingrid Bakke Johannesen

Medlem av SMU (skulemiljøutvalet): Kristine Andersen Midlang og Marita Kvam.

Rektor skriv referat frå dette første møtet.

Sak 3: Informasjon frå skulen / FAU

- Satsingsområde dette skuleåret: Vidare arbeid etter sertifisering som dysleksivenleg skule når vi har fått endeleg godkjenning frå landsstyret. SOL som er eit observasjonsverktøy innan lesing. Lesing, spes.ped og bibliotek er stadig fokusområde, det er også klasseleing, uteskule, FN-skule og arbeid med arbeidsmiljøet. Vi har hatt arbeidsmiljøundersøking (10-faktor). Overordna alt er at elevane skal ha ei trygt og godt skulemiljø. FAU drøfta dette litt i høve nedskjeringane som har vore. Skulen jobbar så godt ein kan med dette, har mange vaksne ute i friminutta og tar tak i saker så snart vi får varsel / observerer noko som vi må gripe inn mot.
- Kommunestyret vedtok før sommaren tilskot til fysiske bøker, for vår del kr.48.000,-. Tidlegare har vi fått frå udir kr.42.000,-.
- Tradisjonen tru skal vi ha skuleløp for FORUT før haustferien, og vi har hatt prosjekt Rams til inntekt for det humanitære arbeidet i Jemen.
- Det er gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn. Resultata er ikkje klare enno. På 3.trinn skal det vere obligatoriske digitale prøver i lesing og rekning.
- I innføringsklassen har vi elevar frå Ukraina, Syria og Portugal.
- Budsjettet til skulen består for det meste av løn (96-97%), elles i hovudsak til læremidlar og skyss.
- Johnny informerte om rekneskap for FAU, det er om lag 113.000,- på konto. FAU drøfta midlar til trinna.

Sak 5: Eventuelt

- Det vart tatt opp utfordringa kring lus på eit par trinn, noko som har pågått over tid. Skulen har eit tett samarbeid med helsesjukepleiar i denne saka, og set inn tiltak straks noko oppstår og følgjer opp.

Neste møte er 7.11.2023 kl.17.30.

For FAU, Lena M. Fjeldstad, rektor